

Rotary

PEOPLE OF ACTION



Voss, 4. desember 2022.

Månadsbrev nr 4/2022-2023 (desember)
Av Distriktsguvernør Odd Henry Hommedal

Kjære Rotaryvener!

Månadens Tema.

Disease Prevention and Treatment /Forebygge og behandle sykdom

Direktøren for Polio i Verdens Helseorganisasjon (WHO) Adrian O'Leary kunne i forrige veke fortelje gode nyheiter om polio. Det er i år berre registrert 2 tilfeller av polio i Afgahanistan og 1 tilfelle i Pakistan. Målet er at polio skal vera heilt utrydda i 2023. Rotary har gjennom prosjektet End Polio Now bidrege til dette gode resultatet og kan i stor grad ta æra for at polio snart er utrydda. Men vaksinasjonsprogrammet må halda fram enno ei tid, så Polio+ har framleis behov for økonomisk støtte frå klubbane

Distriktsguvernør for 2025-2026.

Eli Lexander frå Askøy Rotaryklubb har sagt ja til å stilla som kandidat som Distriktsguvernør for 2025-2026. Nominasjonskomitèen og Distriktsstyret har einstemming innstilt Eli som kandidat til vervet. Eli er godt kvalifisert gjennom sin utdanning og erfaring frå arbeidslivet og gjennom frivillig arbeid i ulike organisasjonar. Ho har ambisjonar, visjonar og er oppriktig interessert i utviklinga av distriktet og Rotary. Eli vil bli presentert på PETS på Bryne i mars. Endeleg val skjer under Distriktskonferansen til hausten.



Guvernørbesøk

Hittil har eg besøkt 30 av 44 klubbar i distriktet. Det har vore ei svært positiv oppleving. Eg har berre møtt hyggelege og gjestfrie Rotarymedlemar. Klubbane i distriktet er ulike på

mange områder og opplegget rundt guvernørbesøket varierer frå klubb til klubb. Det er heilt i tråd med eit av årets tema som er Mangfold. Eg ser fram til å besøka dei resterande klubbane.

Sokndal Rotaryklubb feira 60 års jubileum og Åse og eg var inviterte til feiringa som fann stad 26. november i Gamlaskulen i Sokndal, med festklede Rotarymedlemar og ein velsmakande meny. Mange flotte taler og hyggeleg samvær. Eg hadde gleda av å overrekka ei pengegåve frå distriktet som blir overført til TRF i klubben sitt namn. Takk til President **Lene Edland Solli** og Sokndal Rotaryklubb for ein flott fest.

God Jul

Mange klubbar i distriktet vårt bidreg med pengar og innsamling av klede og utstyr for dei krigsråka i Ukraina. Eg vonar klubbane vil halda fram med dette viktige og meningsfylte arbeidet.

Når me i år skal ynskja kvarandre ei god og fredfull jul, gjev desse orda ei djupare meining enn på lenge. Vårt ynskje er at krigshandlingane må ta snarleg slutt.

Eg ynskjer alle ei God og Fredfull Jul.

Beste helsing
Odd Henry Hommedal
Distriktsguvernør
D2250